

**Alley Star fekk ikkje vist sin kapasitet**

22.06.2007

**Torsdag kveld debuterte varmblomdstravaren Alley Star til Magne Huglen på Bergen Travpark, men hesten var uheldig og fekk diverse ikkje vist kva den verkeleg er god for.**

Den snart fire år gamle travaren kom på sjuandeplassen i 8. løp.

Etter to kjempestartar som vart tilbakekalt kom den ikkje så godt i gong i den tredje starten. Ein hest ved sida galopperte og då gjorde Alley Star det same, noko som førte til at hesten stoppa nesten heilt opp.

Men dei siste 1.000 meter av løpet på 2.100 meter gjennomførte uskedalshesten svært bra og fekk 1.500 kroner som den siste premierte i løpet.

- I siste halvdel av løpet viste Alley Star til fulle at den har ein enorm fart inne. Den tok att heile feltet og det er all grunn til å vera optimistisk framfor den neste starten. Det seier eigaren til uskedalen.no. Når neste start blir kan han ikkje seia noko om no

I prøveløp kom Alley Star inn på 1,22,1 , men den har vore heilt nede på 1,16 under trening.

Av Ola Matti Mathisen